# TAKKNEMLEG 9. TRINN

| PÅ SKJERMEN: | I TIMEN: |
| --- | --- |
|   | Denne timen skal handle om takknemlegheit og å sette pris på det vi har.<br><br>De kan starte med å sjå denne: Lil Dicky - Earth (Official Music Video) - YouTube<br>Men den er litt rar, så de kan hoppe over den om de vil. |
|  | Denne gongen skal elevane liksom jobbe i markedsføringsbyra og foreslå ein kampanje som kan få ungdom til å kjøpe mindre nytt. Kampanjen skal inkludere takknemlegheitstrening som ein av strategiane.<br><br>Del elevane inn i god grupper og gå igjennom oppgåva som ligg som pdf under bildet.<br><br>Skriv ut oppgåva på ark til gruppene og hjelp dei i gang.<br><br>Denne oppgåva kan ta kort eller lang tid, alt ettersom kva de har av tid å bruke på det. Det gjerast enkel ved å snakke, skisse og dele i klassa. Eller meir grundig med å faktisk planlegge kampanjen, lage nokre digitale produkt og presentere til kvarandre.<br><br>Målet med aktiviteten er ikkje å moralisere eller gi dårleg samvittigheit for å kjøpe ting ein treng, men å gjere elevane meir medvitne forbrukarar. Det å tenke over kva ein allereie har, sette pris på det som allereie er kjøpt av seg sjølv eller andre, er bra for både økonomien til den enkelte og for miljø og klima. |
|   | Det er fint om elevane også får prøve denne øvinga i løpet av timen eller månaden:<br>Takk - ei lita pause - YouTube |